SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesordføraren

Sakshandsamar:

Vår ref.
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 13.09.2016

Samferdsledepartementet

Økonomisk kompensasjon for oppfølging av krav i tunnelsikkerheitsforskrifta

Sogn og Fjordane er det fylket som har flest fylkesvegtunnelar og dei største utfordringar med oppfølging av krava i tunnelsikkerheitsforskrifta. Totalt er det i dag 143 tunnelar på fylkesvegnettet i vårt fylke, med ei samla lengde på 99,4 km. Tunnelane er også det vegelementet som har størst forfall på fylkesvegnettet vårt. Dette er både ut frå nye krav i tunnelsikkerheitsforskrifta og ut frå standard og tilstand.

Føremålet med forskrifta er å sikre eit lågast tillatne tryggleiksnivå for trafikkantar i tunnelar. Forskrifta stiller krav om å førebygge kritiske hendingar som kan sette menneskeliv, miljø og tunnelanlegg i fare og til å sørgje for vern i tilfelle ulukker.

Vi har dei siste åra hatt fleire alvorlege hendingar med tunnelbrannar her i fylket, både på fylkesvegnettet og på riksvegnettet. Tiltak for å sikre tunnelane har høg prioritet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I desember 2015 behandla fylkestinget plan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet. Den økonomiske ramma for planen, som omfattar rehabilitering av 35 fylkesvegtunnelar, er i overkant av 2 mrd. 2018-kr. Tiltaka skal vere utført innan 31.12.2024. For å få mest mogleg ut at knappe ressursar har det for vårt fylke vore viktig å samkøyre tiltak knytt til tunnelsikkerheitsforskrifta med anna nødvendig oppgradering/utbetring i tunnelane. Dette gir også minst mogleg ulempe for trafikkavviklinga.

I statsbudsjettet for 2015 vart det innført ein kompensasjon over rammetilskotet til fylkeskommunane som skulle gjelde fram til 2019. I framlegg til statsbudsjett for 2019 er Sogn og Fjordane fylkeskommunen tildelt 72 mill. kr til dette arbeidet.

I 2019 reknar vi med å nytte om lag 220 mill. kr knytt til oppfølging av tunnelrehabiliteringsplanen. Vi er godt i gang med oppfølging av planen, men vi møter utfordringar knytt til aukande kostnader.

Vegdirektoratet har godkjent at Sogn og Fjordane fylkeskommune får utsett frist for gjennomføring i 5 års, dvs. fram til 31.12.2024. Det er kritisk viktig for vårt fylke at også kompensasjonsordninga vert vidareført og styrka fram til 2024. Utan ei vidareføring vil vi ikkje kunne gjennomføre tunnelrehabiliteringsplanen slik som føresett.

Sogn og Fjordane og Hordaland blir frå 2020 Vestland fylkeskommune. Vi er godt kjent med at også Hordaland har store økonomiske utfordringar knytt til oppfølging av krava i forskrifta.

Arbeidet med tunnelrehabilitering krev store økonomiske ressursar. Det er viktig at fylka har gode og føreseielege økonomiske rammer for dette arbeidet. Eg vil derfor sterkt oppmode regjeringa om snarast å sikre vidareføring og styrking av kompensasjonsordninga fram til 2024.

Med helsing

Fylkesordførar i Sogn og Fjordane

Jenny Følling

Besøksadresse:
Fylkeshuset

Postadresse:
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:
post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:
57638000

Bankgiro:
4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Kopi til: